



LHL

Stord 50 år

Jubileumshefte

1974-2024



Boka er forfatta av: Karl Spissøy og Olav A. Andreassen
Design/oppsett: Skag Profilera
Trykk: Skag Profilera
Opplag: 500stk

Me vil takka for alle innspel og hjelp til denne publikasjonen.

Lederen har ordet

Skrivet du nå sitter med i handa er blitt til på den måten vi jobber i LHL Stord, nemlig frivillighet og dugnad.

Dugnadsånd, samarbeid og det og hjelpa hverandre har vært en rød trå i LHL Stord sine 50 år.

Siden Brita Våge sammen med andre i 1974 tok initiativ til å starte et Hjertelag her på Stord har det viktigste vært å hjelpe og skape aktivitet og sosiale møteplasser til beste for medlemmene.

Når vi nå ser tilbake, har dette engasjementet resultert i månedlige medlemsmøter, arbeids- og turgrupper, møteplasser, julebord og en lang rekke turer både i inn- og utland.


Det er en vital 50 åring som nå jubilerer, men mørke skyer kan lure i horisonten. Vi ser at lokallag rund oss kaster inn håndkledet grunnet mangel på tillitsvalgte. Frivilligheten er avhengig av tillitsvalgte og jeg ber om at dere svarer ja når valgkomiteen spør.

En stor takk og gode tanker går til alle de som har engasjert seg og støttet LHL Stord i de 50 årene vi har lagt bak oss. Må frivilligheten leve like godt i de neste 50.

En stor takk til initiativtakerne og den lille gruppen som har jobbet frem dette jubileumsskrivet, en kjempejobb og grave i gamle protokoller og bilder, takk skal dere ha.

Jubileumsskrivet vert også å finne på LHL Stord si heimeside.

Sverre T. Vinje
Leiar i Stord LHL 2024



Historien om LHL 1974-2024

Historien om LHL (Landsorganisasjonen for Hjerte og Lungesjuka) går tilbake til 1943 då organisasjonen vart starta som tuberkuløses hjelpeorganisasjon. Dette var namnet til tidleg på 1950 talet, då var tuberkulose nesten utrydda i Noreg og namnet vart endra til Landsforeningen for Hjerte og Lungesjuka. No var det hjerte og lungesjuka som var dei største folkesjukdomane i Noreg og organisasjonen vart etter kvart ei av dei største i landet.

Det vart starta fylkeslag, lokallag og regionssamlingar, og det vart oppretta aktivitetar av ymse slag. Glitre klinikken, Feiring klinikken, Krokeide, Skibotnen, Røros Rehab senter, Nærlandheimen og mange andre samlingsstader kom etter kvart til.

Og her starta vår forteljing om LHL Stord og reisa gjennom mange år

Det fyrste offisielle namnet på laget var Stord lag av LHL og 17. mars 1974 vart Stord lag av LHL starta på Stord. Brita Våge vart den fyrste leiaren i laget og hadde dette vervet i 8 år. Arbeidet med å få på plass styre vart sett i gong, og ikkje minst skulle det skaffast medlemar. Det var eit aktivt styre som kom på plass, og medlemane (Stordabuen) slutta opp om laget!

Allereie på fyrste møte kom det fram eit tema som var viktig for dei frammøtte: det å snakka med nokon som er i same situasjon som ein sjølv og sosialt samvære var og framleis er noko av det viktigaste på samlingane våre.

På denne tida var hjartesykje ein svært alvorleg sjukdom som tok mange liv kvart år. Blokking og innsetting av stent var ikkje så vanleg enda, transport med helikopter var heller ikkje så vanleg som i dag.

I 1978 kom Hjertebroen til England i gang og Stord lag av LHL var tidleg ute og fekk sendt nokre medlemar til England. Dei må ha gjort ein god jobb for det er framleis folk som var blant dei fyrste som reiste som er medlemar i Stord LHL i dag. Det var LHL sentralt som administrerte hjertebrua der 2000 medlemar fekk hjarteoperasjon på engelske sjukehus.

Difor var nok medlemsmøta og den sosiale kontakten mellom medlemane ekstra viktig på denne tida. Men det å driva eit lokallag kostar pengar og kontingentdelen til laget var ikkje nok, difor vart det laga til loddsal der mange av gevinstane var strikka, sydd, laga og kjøpt av medlemane. Økonomien kom etter kvart på plass og laget vart meir aktivt både lokalt og på arrangement saman med andre lag i distriktet, etter kvart også på samlingar i Bergen i LHL Hordaland sin regi.

Styreleiarar i LHL 1974-2024

Det var Brita Våge som saman med eit aktivt styre la grunnlaget for at Stord lag av LHL vart eit av dei mest aktive laga i Sunnhordland. Brita Våge var den første leiar av laget. Ho hadde dette vervet i 8 år. Arbeidet med å få på plass eit styre vart sett i gang, ikkje minst skulle det skaffast medlemmer. Det var eit aktivt styre som kom på plass, og nye og gamle medlemmer slutta godt opp om laget. Allereie på det første møtet var det klart eit tema som var viktig for oppmøtet, det å snakke med nokon i same situasjon som ein sjølv, og det sosiale samværet var og er noko av det viktigaste på samlingane våre.



Brita Våge

I 1986 vart Birger Bergeland valt til leiar for andre gong. Han kjente laget og rutineane godt frå tidlegare så laget var i gode hender. Det vart lagt opp til meir turar for medlemmane både til Bergen og Haugesund samt utsendingar til landsmøte og til styreverv i LHL Hordaland.



Birger Bergeland

Birger var en aktiv leiar og laget vart enda meir aktivt i arbeidet for dei hjartesjuke. Medlemstalet steig og var no blitt eit lag med over 100 medlemmar på dei to åra han sat som leiar.

I 1986 vart Birger Bergeland valt til leiar for andre gong. Han kjente laget og rutineane godt frå tidlegare så laget var i gode hender. Det vart lagt opp til meir turar for medlemmane både til Bergen og Haugesund samt utsendingar til landsmøte og til styreverv i LHL Hordaland.

Astrid Hauan



Astrid Hauan tok over som leiar i 1984, ho sat i eit år og leia laget vidare på ein veldig god måte. Medlemstalet auka også dette året, Astrid fekk styret med på gode tiltak for Stord lag av LHL. Medlemsmøta er enno ein viktig møteplass.

Andreas Johnsen tok over som leiar hausten 1986 og vart valt til leiar av Årsmøtet i 1987. Han sat som leiar i tre år, på dei åra vart det lagt stor vekt på aktivitetar for medlemmane, og økonomien betra seg blant anna på grunn av loddsal og andre inntektsbringande tiltak. I 1989 kom Sunnhordlands samlingane i gang, Andreas var ein av dei som fekk dette store arrangementet på plass.



Andreas Johnsen

Ingvald Ingvaldsen



I 1985 tok Ingvald Ingvaldsen over som leiar og saman med styret leia han laget på ein god måte det året han sat. Medlemsmøta og andre aktivitetar for medlemmane var fortsatt like viktige møteplassar.

I 1990 vart William Wiersen leiar. På denne tida starta ein med hjartetraining ein dag i veka i kulturhuset. Det var mange som deltok på desse trimaktivitetane som framleis er ein viktig del av lagarbeidet, men no mest som turgrupper og trim i bassenget. William var ein aktiv leiar og starta etter kvart opp helgekurs for medlemmane. Desse kursa var på hotell rundt om i Sunnhordland og var svært populære, det var ofte over 30 medlemmar som deltok. William hadde god kontroll på økonomien og alle som deltok måtte betala for opphaldet sjølve. Her såg ein sosialt arbeid i praksis. William brukte og medlemsmøta som ein sosial plattform der det vart servert kaffi og noko å bita i. I 1994 vart William sjuk og gjekk av som leiar.



William Wiersen

Styreleiarar i LHL 1974-2024

Olav A. Andreassen overtok som leiar i 1994. Han overtok eit lag som var blitt det største og mest aktive i Sunnhordland. Åresal var framleis ein populær del av møta, det same var orientering frå LHL sentralt. Utviklinga gjekk snart og det var stadig nye hjelpemiddel i kampen for hjartesyjukdom. Olav fekk med Røde Kors på møta og me fekk prøva oss på oppliving med hjartekompresjon på dokker. Det var og mange kurs med informasjon om LHL og alle tilboda dei hadde. Det vart arrangerte turar i nærområdet, t.d til Huglo der me såg på Barlindskogen, Kalkgruene, og dei fine plantane på Arboret.



Olav A. Andreassen

Karl Spissøy



I 1999 vart Karl Spissøy valt til leiar og ein fortsette med fleire aktivitetar, blant anna kom det i stand ei turgruppe som arrangerte turar til både innland og utland.

Den fyrste turen til utlandet gjekk til England og 20 medlemmer var med til Newcastle der været viste seg frå si beste side. Det kom også i gang blåturar som vart ei populær reiseform, ingen visste kor me skulle, men dei flest hugsar me hadde vore. Turgåing og trim i varmt vatn er framleis aktivitetar som er mykje brukt. Det vart laga til dansekvevdar og på medlemsmøta møtte det mellom 30-50 stk.

Informasjon om LHL og tilboda der var nok den største delen av lagarbeidet og utsendingar til Landsmøtet og LHL Hordaland var viktig for kunna å gi best mogleg informasjon til medlemmane. Karl Spissøy vart valt til leiar for andre gong i 2010. Han sat i to år i LHL Stord som no var namnet på laget (det var bestemt at namnet skulle vera LHL og kommunenamnet). Den sosiale delen var framleis det viktigaste og medlemsveksten var god.

I 2008 vart Erlend Bakken valt som ny leiar og arbeidet for dei hjarte- og lungesyjuke held fram med medlemsmøte, årsmøte og julemøte. Erlend la ned eit stort arbeid med turar og aktivitetar og økonomi og medlemstal auka i hans periode som leiar.



Erlend Bakken

Sverre T. Vinje



I 2013 vart Sverre T Vinje valt til leiar, og no kom det ein aktiv mann! Sverre er ein mann som ikkje har lært ordet «nei». No vart det om mogleg enda meir aktivitet. Noko med det fyrste som laut ordnast var møterom for medlemsmøta, Turnhallen skulle rivast, men det vart ordna nytt lokale hos Frelsesarmeen, der var me i mange år.

Som med mange andre lag og organisasjonar kom koronaen til oss og. Sverre og styret tok utfordringa på strak arm og laget vart leia på utmerka vis. Medlemmane vart orientert på SMS og telefonmøte og dei fleste aktivitetane kunne fortsetta med enkelte justeringar. Leiaren gjorde ein svært god jobb for laget gjennom denne vanskelige perioden. Tusen takk for jobben Sverre, og lukke til vidare.



Medlemsmøter

LHL er ein organisasjon som arbeider for å betre helsa til menneske med hjarte- og lungesjukdommar. LHL har om lag 54 tusen medlemmer. Dei tilbyr mellom anna behandling og rehabilitering, støtte til hjarte- og lungesjukdommar, samt opptrening og ulike kurs og arrangement for medlemmane sine. Men det er lagsmøta som er grunnstammen i LHL. Utan lagsmøta er det ikkje mogleg å drive Stord LHL.

Stord har lagsmøte den siste tysdagen i kvar månad kl. 19.00, og dei varer til kl. 20-22. Det er lagleiar som styrer møta. LHL er organisert slik: Det er årsmøte som er øvste mynde, deretter lagsmøte og styret. Møta byrjar vanlegvis med ein song, og skrivar går gjennom førre møteprotokoll. Om dette blir godkjent, går leiar vidare med å fortelje om saker frå siste styremøte og saker som kjem frå sentralstyret. Det er ofte ein føredragshaldar om eit aktuelt tema, eller eit føredrag om siste nytt innan helse. Me har hatt ambulansfolk til å trene på lunge- og hjarteredning. Me har hatt spesialsjukepleiarar og kompetente leger som har fortalt om medisinar og ikkje minst biverknader av desse. Det vart mange spørsmål på møta.

Det er lagt inn ein pause med servering av mat og drikke. Dette blir ordna av ein komite som fungerer svært bra. I denne pausen har me som regel ein konkurranse (quiz) med spørsmål som dei einskilde borda går i saman om å løysa, noko som er populært.

Sidan LHL Stord har lagt stor vekt på den sosiale delen av lagsarbeidet, har det blitt arrangert eit breitt spekter av aktivitetar lokalt, med Turnhallen som det ideelle staden. Vi har organisert dansekvelder, julebord og fått spesialistar frå Stord Sykehus til å informere om medisinbruk og anna relevant. Lokale kjendisar har delt historier frå "gamle dagar", og mykje anna spennande har vore på programmet. Ei dedikert komité har stått for maten, sørge for å engasjere lokale orkester, og vi har hatt loddtrekingar med premiar laga av vår eiga strikkegruppe, supplert med innkjøpte gåver. Handelsstanden på Stord har alltid støtta oss ved å donere frukt, laksesider, potteplanter og liknande til våre arrangement.



Kjøkkengiengen i arbeid.



Underholdning på medlemsmøta.



Arbeidsutvalet: Sigmund (økonomiansvarleg), Inger Marie "Mia" (skrivar) og Sverre (Leiar).



Konsentrert quiz-gjeng.

Lokale tiltak



Hulda og Annbjørg serverar på julebord. Pinnekjøt med tilbehør.



Danseskjeld i Turnhallen



Dansekveld i Turnhallen



Vanntrim & trim i sjø

LHL Starta med trimgrupper tidlig på 1990 tallet for medlemmene til laget, og responsen har vert stor fra fyrste stund.

Fyrste trimmen var i småsalen i Kulturhuset der me hadde trim etter LHL sin trim kasett og me sprang rundt og hadde øvelser etter instruks fra kasetten det var William Wiersen og Olav som var sjef i starten, Denne trimmen slutta når Rehab senteret kom i drift og småsalen vart ombygd til kinosal.

Sidan vanntrimmen kom i gong, som starta opp i det varme bassenget på Rehabiliteringssenteret i Leirvik, har det vore eit populært tiltak. Det var Hulda som tok initiativet til denne trimmen etter å ha deltatt på eit kurs i regi av LHL. Her er vanntemperaturen 38 grader, slik at sjølv stive kroppar kan trimme til fin musikk med Olav som instruktør i dag.

Etter vanntrimmen starta Karl og Hulda ei mestrings-/KOLS-gruppe for dei som treng eit dytt for å koma i gang. Vi går hovudsakleg på lokale turstiar, men òg i våre nabokommunar. Vi møtest kvar tirsdag frå januar til slutten av mai og frå august til jul.

På 3-4 søndagar om sommaren drar vi på turar i Sunnhordland-området og avsluttar med å eta middag, og nesten 30 personar er med kvar gong.



Vanntrimm i varmtvannsbassenget i Rehab senteret på Stord. Olav og Sverre er instruktører.



Instruktøren er godt merka



Bading/Trim på Mallorca.

Turar til utlandet:

- Cruisturar i vestre Middelhavet
- Fleire turar til Mallorca
- Newcastle
- Skottland
- Austerrike
- Færøyane
- Tyrkia

Turar i Noreg:

- Blåturar
- Helgekurs /LHL Hordaland
- Sunnhordlands samlingar
- Landsmøte
- Dagsturar





Me kosar oss i syden.



Bassengområde..



Hotellområde..

LHL Stord har i mange år laga til Sydenturer for medlemmene det er Mallorca som er mest besøkt der har me nok vert 10 – 15 ganger, her har me og nytta høve til trim i sjøen med Hulda og Sverre som instruktørar.

Me har og nytta oss av lokale tilbud som båt turar buss turar og smaka på gode tilbud i nærområdet. Men det å vera saman med gode venner under palmene har gjort turane for mellom 30 til 60 medlemmer til noko meir en ein sydentur .

Tyrkia har me besøkt 6-7 ganger med rundt 40 medlemmer med , var veldig spent fyrste gangen me var der men det var eit gjestfritt land med livlig handel. Her var fine strender men ikkje så mange sandstrender som i spania men behagelig sjøtemperatur. Og helsetilbudet var faktisk bedre enn i Norge.

Stord LHL har reist på cruise til middelhavel. Her har me besøkt Tunisia og Roma- der me var i Vatikanet med dyktige guider. Me var i Villefranche i Frankrike, og Barcelona med flott sightseeing. Etter dette gikk turen tilbake til Mallorca og vart avslutta med ei veke på Alcudia.



Medlemmer klare til utflukt på Mallorca.

Utanlandstur til Skottland



Edinburg.



På utflukt.



På besøk i destilleriet The Famous Grouse.



Hotellet vårt.



Dåværande leiar på puben i Aidensfield.

Då me kjørte i land i Newcastle reiste me søraust mot Aidensfield og til plassen der NRK-serien “Med hjartet på rette staden” vert spela inn. Der såg me alle bilane som er med i serien, garasjen og puben (her fekk me stå ved bardisken). Me kjørde med det gamle damplokomotivet begge vegar frå stasjonen. Dagen etter la me kursen mot nordvest og til Eidsburg. Etter synfaring i byen køyrde me til Windlestrae Hotel og der budde me i ca. 1.veke. Me var på mange utflukter, den eine meir spesiell enn den andre.

Stord LHL fekk høve til å besøke det eldste destilleriet i Skottland, som heiter The Famous Grouse (1775) (her fekk me og nokre smaksprøvar).

På veg tilbake til Newcastle var me på ein rundtur i Edinburgh der me blandt anna fekk med oss der den årlege Military tattoo.

Me har også rreist til Færøyane. Der leigde me flyet som til vanleg vart i bruk som transport for Aker Stord sine tilsette, som pendla. Der var me i 5 dagar, i stille ver og fekk oppleva kor nært knytta Noreg og Færøyane er.



Ein gammal travar

Utanlandstur til Austerríke



Høgt til fjells.



Fint pynta hotell.



Tyrollershow



Sprek bussjåfør

Me har og vert i Austerrike på Knødel festival ,ein fin tur gjennom Europa ,og mange utflukter frå San Juan der me budde. Fantastisk å få oppleve Tyrol fra ein bekvem turbuss.



Taubanen i San Juan.



Kaffipause.

Blåturar var noko me starta med for mange år sidan. Dette er turar som startar fredag morgon og er ferdig søndag kveld. Det er kun turkomiteen som veit kor turen går, så her er det spenning fra fyrste meter. Dette vart og **er** ein svært populær oppleving. Turen vert betalt i sin heilhet av deltakarane.

Alt vert ordna av reisekomiteen. Buss, mat under vegg, hotell, underhaldning, overraskingar undervegs og ikkje minst gode historiar. Med 80-90 deltakarar, så det største problemet å finne hotell som har kapasitet til å ta oss i mot.



Blåtur til nedre Eidfjord.



Rjukan/Vemork



Blåtur til bremuseet.



Gausatdtoppen



Vemork



Astruptunet



Blátur til Skei hotell.



Astruptunet



Astruptunet



Blåtur til bremuseet.



Astruptunet



Jostedalsbreen



Telemarkskanalen





Telemarkskanalen



Søndagsutflukt under pandemien



Søndagsutflukt under pandemien

Trimgrupper



Stuavikjo



Fatlandsskogen på Halsnøy



Tur til Røvær



Tur til Valevåg



Ut på tur aldri sur




Hatlandsskogen på Halsnøy



Kols- mestringsgruppa



Radiohola på Halsnøy



Landåsen

Damer på tur



Damer på tur, på ein av sine mange turar



Ein del av damegruppa



Stuavikjo

Utvikling dei siste åra

Kva gjer me framover?

Det er utfordrande å drive frivelege organisasjonar, og fleire lag av LHL Sunnhordland har ikkje klart å få på plass eit fungerande styre. LHL Fitjar var det første som la inn årene, seinare var det LHL Tysnes, LHL Sveio og LHL Bømlo. Medlemmane i desse laga har då blitt flytta over til Stord LHL, noko som gjer at medlemstalet i Stord LHL har auka. Me er no ca 600 medlemmer tilknytt Stord LHL.

Resultatet er at medlemmane har mista tilhøyrse til eige lag, noko som på sikt resulterer i ubetalt kontingent, og organisasjonen mistar mange medlemmer. Me klarar likevel å arrangera vellukka julemøte, som me har hatt på Stord Hotell dei siste åra, og det skal me også klara om alle medlemmane kjem.

Meir politisk påverknad

LHL Sentralt ynskjer meir aktivitet, meir kontakt med kommunen, meir arbeid lokalt, kurs og samlingar. Alt dette er gode tankar, men i Stord LHL er medlemma mellom 70-90 år, med eit langt arbeidsliv bak seg. Stord LHL ynskjer eit tydeligare og større engasjement frå sentralt hald.

Her lokalt har me framleis trimgrupper, medlemsmøte, ulike samlingar, julebord og blåturar, som me håpar held interessa oppe.

For mange lag i Sunnhordland har det butta i mot av ymse grunnar, det har blitt mindre oppmøte på møta, det kan vera på grunn av alder eller mindre interesse, men og at medlemma er friskare no enn før. Ei anna årsak kan og vera at kommunikasjonen mellom sjukehus og pasient er enklare. Med internett kan alle få informasjon som ein tidlegare berre fekk gjennom LHL.

Resultatet er at mange lag er lagt ned. LHL Fitjar var det fyrste laget som la inn «årane». Seinare var det LHL Tysnes, LHL Sveio og siste laget som la ned er LHL Bømlo.

Utan nokon med roret som held alt saman er me redd småbåtane (lokallaga) kjem til å gå under.

Tilbod til medlemmar som framleis er i arbeid og hjarteskjuka unge (under 50 år).
LHL Stord har ikkje egne aktivitetar eller samlingar utanom dei mange aktivitetane som laget driv.

Vi har trimtilbod på kveldstid på Rehabcenteret.

Torsdagar kl 18.00, og det varer ein time.

Her er plassen avgrensa, og maks antall personar er væra 18-20 i bassenget om gongen.

For unge hjarteskjuka er det viktig å drive med fysisk aktivitet i samråd med fastlege og hjartespesialist. LHL sentralt har meir informasjon om "Hjerteunge" der ungdomane sjølve kan ta kontakt for nærare informasjon.

Den beste informasjonen får medlemmane på medlemsmøta våre som vi har på Leirvikståva. Her samlar me 50-80 medlemmar, og alt av informasjon LHL sentralt og lokalt blir presentert på desse møta.

Me har også blåturar eller sundagsturar med middag, kurs om hjarteredning, orientering frå NAV om trygdeytelser og mykje meir.

Medlemsmøta vert halde siste tysdagen i månaden kl 19.00.
Ta gjerne turen innom eller ta kontakt med nokon av oss i styret.



Kristornøya Stord







LHL

Jubileumshefte

1974-2024